

Årsmelding med årsrekneskap

Hordaland Teater 2018



Teatersjefen si årsmelding

Eit ope hus for vestlandet. Eit år med auke i aktivitet og ny profilbygging.

Etter utbetringar i sal og publikumsareal, tok 2018 fart som det første året med full drift på Ole Bulls plass. Eit ope og dynamisk hus var ei viktig overskrift for dette avgjerande startåret for Hordaland Teater sitt nye tilvære i sentrum. Vi har lagt vinn på breidde i repertoaret og kontinuitet i teatersesongen. Vi er i ei fase der vi skal bygge eit nytt publikum. I tretti år har vi vore eit sekvensielt, produserande turneteater med fokus på born og unge. No er tida inne for å finne vår plass som eit teater med hus i byen, med opne framsyningar, ein inviterande profil og ein klar identitet. Det nynorske språket, dialektane og den vestnorske klangbotnen er hovudåra i denne identiteten. Hordaland Teater skal stå tydeleg forankra i regionen med dei historiene vi fortel og den måten vi møter publikum på. Slik vil vi forvalte og spisse vårt språkmandat som nynorsk scene i Norges nest største by.

Vi tona flagg med signaturprosjektet «Heim», som både understrekar ei vilje til å vere i aktiv dialog med regionen, og ambisjonen vår om å stimulere eit skrivande miljø rundt teateret. Jordsmonnet i forfattarkretsen vi her knytta til oss, stadfestar enno ein gong styrka i dei nynorske stemmene som verkar i vestlandsregionen. Dette kollektive prosjektet tek utgangspunkt i desse stemmene og dannar første del av eit fireårig serie, - ei vestlandskrønike frå 1965 – 2005.

Vi inviterte ni ulike forfattarar. Dei fekk fylgjande oppgåve: «Tenk på omgrepet Heim. Innkrets ein spesifikk plass i Hordaland fylke. Velg deg ein dag mellom 1965 og 1975.»

Slik vart signaturprosjektet vårt sett i gong. Det skulle syne seg å bli ein stor suksess og med rekordbesøk frå publikum sette vi opp ekstraframsyningar og endte på 98 prosent belegg og 10 841 tilskodarar. Mottakinga gav teateret tru på at vi kan bygge ei inkluderande storstove for nynorsken i Bergen. Den stadfesta at folk hadde venta på oss. Med «Heim» samlar vi ynskje om ein folkeleg og inviterande profil med ambisjonen om å dyrke fram nye tekstar og nye sceniske konsept. Sist men ikkje minst har satsinga knytta til oss eit produksjonsmiljø der dei skrivande kreftene står særst sentralt. Dei vestnorske forteljingane startar med dei.

Jon Fosse og Hordaland Teater har ei særleg binding som skriv seg frå år tilbake. Hans engasjement for å få flytta ei nynorsk scene inn til Bergen har gitt Hordaland Teater god vind i ryggen. Då flyttinga var eit faktum kvitterte han med rettane til urpremieren på «Andvake»-trilogien. Torkil Sandsund dramatiserte og iscenesette verket, medan Dordi Strøm si visuelle tolking av materiale trakk både natur og mystikk inn i salen vår. Produksjonen var i format og i kunstnarleg ambisjon vidtfamnande og teateret måtte strekke i kapasitet og apparat for å sjå det i hamn. Framsyninga fekk mykje merksemd både nasjonalt og internasjonalt. I eit Bergen med varmerecord i juni fann likevel over to tusen vegen inn i mørke til forteljinga om Alida og Asle sin kjærleik. Medan «Heim» vart ein stor heimesiger, vann vi mykje merksemd på bortebane med eit så profilert prosjekt.

«Heim» og «Andvake» stod trygt planta i det vestnorske grunnfjellet, medan vi såg utover i verda med norgespremiera på «Engelen frå Kobane» i regi av Miriam Prestøy Lie. Denne monologen, som vi produserte saman med Sogn og Fjordane Teater, handlar om ei syrisk jente som vert YPG krigar. Skodespelar Madalena Sousa Helly-Hansen møtte unge i klasserom på vidaregåande skular omkring i Hordaland. Det var møte som gjorde inntrykk. Vi greidde også å etablere ei intim framsyningsramme for dette nære teaterspråket på huset vårt. Enno ein gong erfarte vi kor viktig det er at vi greier å justere formata våre etter framsyninga sitt uttrykk, også sjølv om vi enno kun disponerer ein sal med plass til omkring 300. Den breidda vi ynskjer å tilby publikum er heilt avhengig av at vi også kan gjere små og smale format, både på turne og i huset. I arbeidet med

2018-repertoaret var det såleis viktig at vi gjekk utover dei store signalprosjekta og også tok i vare det som hadde mindre publikumspotensial.

Slik var det også med «Kapital». Hadle Reisæter si dramatisering av Stig Sæterbakken sin roman traff mange av dei gjestande som ein knyttneve. Reisæter sjølv stod på scena og i rabulerande raseri refsa han den ubarmhjartige marknadsøkonomien. Form-messig vart denne forsvarstala eit forvarsel på det vi skulle inn i seinare på hausten med Linda Eide sin monologframsyning «Oppdrag Mottro». Begge produksjonane lente seg på avansert video og lydarbeid, medan det likevel var ordet og skodespelaren som stod som det uomtvistelege hjarta i forteljinga.

«Oppdrag Mottro» vart ein solid publikumsvinnar og hausta gode ord frå mange kantar. Ei biografisk framsyning som med særst stor overtyding synte korleis den personleg baserte heimstadsforteljinga kan treffe noko universelt og djupt i fellesskapet. Framsyninga knytta godt opp til vårt mål om å stå i dialog med regionen og det nynorske språket og den etterlet seg både ettertanke og varme i veggane våre. Linda Eide debuterte som dramatkar og skodespelar under trygg leiing av Arvid Ones og leverte med bravur. At vi dessutan greidde å spele «Juleønske» for dei minste på føre – og ettermiddag medan vi baud inn til «Oppdrag Mottro» om kvelden var ein liten arbeidssiger for eit nyetablert teaterhus. Vi leitar enno etter fleire mogelegheiter for dynamikk i huset og erfaringa med dette dobbeltløpet gjev oss mot på at vi kan greie å avvikle fleire framsyningar innanfor ein og same dag, sjølv om fasilitetane våre ikkje er optimalt berekna til det. Mange bastionar vart vunnen med omsyn til dynamikken i repertoarflata i 2018, og vi held fram med arbeidet for å få mest mogeleg ut av dei avgrensa ressursane vi har.

Medan vi hadde fokus på å halde dørene i Logen opne, reiste Ragnhild Gudbrandsen rundt med sin eigen dramatisering av «Babettes gjestebod» til kyrkjerom i fylket. Stig Amdam hadde regi og Nils Økland laga musikk. Responser overgjekk det vi kunne ha håpa på og fullsette kyrkjer i fjordar og på nes vart varma opp med ei nær framsyning basert på den gode forteljinga i kraft av Blixen sine ord og Gudbrandsen si formidlarevne. Dette vesle og vare prosjektet vart ein av våre største kunstnarlege sigrar dette året. For Hordaland Teater er det framleis viktig at vi kjem ut der folk bur. Nettopp difor bidrog vi også i samproduksjon med YMIST sin Hordalandsturne av «Draumkvedet». Vi samarbeida også med Transiteatret og Statsteatret som begge har hatt Bergensbase hos oss. Gjennom desse samarbeida kunne vi legge til «Highway Hypnosis», «Almenrausch», «Draumkvedet» og «1980 – Aker Brygge» til repertoaret vårt. Dessutan vitja Det Norske Teatret med «Inkognito». Sistnemnde er ein vesentleg samarbeidspartnar for Hordaland Teater. Ved sida av desse 11 titlane baud vi også på gjestespel, konsertar og opplesingar. Vi satte inn ei stor innsats for å auke formidlingsarbeidet vårt og utvikle teateret som ein arena for samtale og refleksjon. Dette arbeidet fekk eit nytt startskot då vi på tampen av året fekk kommunal løyving til å etablere eit nynorskens hus under teateret si fane. Vi ser fram mot å vidareutvikle denne flata i 2019.

I 2018 har vi nær dobla vi publikumstalet frå året før. Og endå viktigare; vi spente ut ei breiare vifte med kontinuerleg aktivitet. Åtte urpremierer vart presenterte for publikum og vi tok fatt på å etablere eit levande produksjonsmiljø for dei skrivande kreftene i regionen. Vi byrja på ein aktiv dialog med publikum.

Vi treng dei vidare for å kunne vere og utvikle eit relevant nynorsk teater både for Bergen og regionen.



Teatersjef Solrun Toft Iversen. Foto: Privat

Hordaland Teater LL

Resultatrekneskap

	Note	2018	2017
Driftsresultat			
Salsinntekt	16	30 021 107	21 593 417
Anna driftsinntekt		316 209	29 866
Sum driftsinntekter		<u>30 337 316</u>	<u>21 623 283</u>
Driftskostnader			
Vareforbruk		200 513	0
Prosjekt- og produksjonskostnader	4	5 738 468	2 608 769
Lønnskostnad	3	14 865 322	12 282 714
Avskrivning	5, 6	1 402 260	1 128 126
Annan driftskostnad	3, 8, 16	5 251 379	4 740 505
Sum driftskostnader		<u>27 457 941</u>	<u>20 760 114</u>
Driftsresultat		<u>2 879 375</u>	<u>863 169</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna finansinntekt		55 130	58 770
Annan finanskostnad		1 033	26
Netto finans		<u>54 097</u>	<u>58 744</u>
Ordinært resultat før skattekostnad		<u>2 933 472</u>	<u>921 913</u>
Årsresultat		<u>2 933 472</u>	<u>921 913</u>
Overføringer og disponeringar			
Overføring til anna eigenkapital	14	<u>2 933 472</u>	<u>921 913</u>

Anleggsmidler

Immaterielle egedelar

Goodwill	5	0	566 000
Sum immaterielle egedelar		<u>0</u>	<u>566 000</u>

Varige driftsmiddel

Tomter, bygningar og annan fast eigedom	6	11 276 158	9 444 888
Driftslausøyre, inventar, kontormaskinar og liknande	6	1 549 289	1 612 232
Sum varige driftsmiddel		<u>12 825 447</u>	<u>11 057 120</u>

Finansielle anleggsmidler

Investeringar i aksjar og partar	7	25 000	25 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>25 000</u>	<u>25 000</u>

Sum anleggsmiddel		<u>12 850 447</u>	<u>11 648 120</u>
-------------------	--	-------------------	-------------------

Omløpsmidlar

Varer		<u>70 964</u>	<u>0</u>
-------	--	---------------	----------

Krav

Kundekrav	16	740 520	157 454
Andre krav	11	1 047 960	223 630
Sum krav		<u>1 788 480</u>	<u>381 084</u>

Investeringar

Marknadsbaserte aksjar	7	23 265	23 265
Sum investeringar		<u>23 265</u>	<u>23 265</u>

Bankinnskott, kontantar og liknande	2	8 453 879	3 275 487
-------------------------------------	---	-----------	-----------

Sum omløpsmidlar		<u>10 336 588</u>	<u>3 679 836</u>
------------------	--	-------------------	------------------

Sum egedelar		<u>23 187 035</u>	<u>15 327 956</u>
--------------	--	-------------------	-------------------


Hordaland Teater LL

Balanse pr. 31. desember


	Note	2018	2017
Eigenkapital			
<i>Innskoten eigenkapital</i>			
Aksjekapital	14, 15	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital	14	6 946 145	4 012 674
Sum opptent eigenkapital		6 946 145	4 012 674
Sum eigenkapital		7 046 145	4 112 674
Gjeld			
<i>Avsetjingar for plikter</i>			
Pensjonsplikter		198 300	117 397
Andre avsetjingar for plikter	13	9 419 999	7 155 197
Sum avsetjingar til plikter		9 618 299	7 272 594
<i>Anna langsiktig gjeld</i>			
Øvrig langsiktig gjeld		0	660 000
Sum anna langsiktig gjeld		0	660 000
<i>Kortsiktig gjeld</i>			
Leverandørgjeld		844 290	527 766
Skyldige offentlege avgifter	2	783 387	873 016
Anna kortsiktig gjeld	12	4 894 914	1 881 906
Sum kortsiktig gjeld		6 522 591	3 282 688
Sum gjeld		16 140 890	11 215 282
Sum eigenkapital og gjeld		23 187 035	15 327 956

31. desember 2018
Bergen, 21. februar 2019


Pål Wergeland Lorentzen
Styreleiar


Ragnhild Sivertsen Stolt-Nielsen
Styremedlem


Sol Glesnes
Styremedlem


Vivian Midtsveen
Styremedlem


Alexander Fosse Andersen
Styremedlem


Natalia Antonia Golis
Styremedlem


Solrun Toft Iversen
Teatersjef / dagleg leiar

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslovens avgjerder og god rekneskapskikk for små føretak.

Salsinntekter

Tenester vert inntektsført i takt med utføringa. Den del av salsinntekter som knyter seg til framtidige ytingar balanseføre sitt som uopptent inntekt ved salet, og vert deretter inntektsført i takt med levering av ytingane. Driftstilskot resultatføres samtidig med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter balansedagen, og dessutan postar som knyter seg til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseføre sitt til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurdert til innkjøpskost, men nedskrivast til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert forventa å vera forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Langsiktig gjeld balanseføre sitt til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Kortsiktige plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjar og delar vurdert som omløpsmiddel) verta til vurdert lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseføre sitt og avskrivast over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnader, medan påkostningar eller forbetringar vert tillagt kostprisen til driftsmiddelet og avskrivast i takt med driftsmiddelet. Dersom attvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi gjerast nedskrivning til attvinnbart beløp. Attvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverde av dei framtidige kontantstrømmene som eigneluten vil generera.

Immaterielle eigneluter

Goodwill er differansen mellom innkjøpskost ved kjøp av ei verksemd og verkeleg verdi av eigneluter som kan identifiserast og gjeld i verksemda. Goodwill vurderast etter vurderingsregelen for anleggsmiddel.

Pensjonar

Lutlagets pensjonsordning gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Disse er i hovudsak avhengig av antall oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringsselskap. Årets pensjonspremie resultatføres løpande iht. God regnskapskikk for små føretak. Tenestepensjonsordninga gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Disse er i hovudsak avhengig av antall oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Skattar

Teateret er ikkje skattepliktig for sin ideelle verksemd

I 2018 har teateret overteke ansvaret for drift av bar. Overskot frå drift av bar er skattepliktig og skattekostnaden for drifta vil bli periodisert. Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22 % på grunnlag av mellombels forskjellar som eksisterer mellom regnskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot som vert overført ved rekneskapsårets slutt. Skatteaukande og skattereduserande

mellombels forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoført.

Netto

utsett skattefordel balanseførast i den grad det er sannsynleg at denne kan bli nyttiggjerast.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetting av eigneluter og gjeld, og dessutan usikre eigneluter og forpliktingar på balansedagen under utarbeiding av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapskikk.

Note 2 - Bankinnskott

	2018
Bundne skattetrekksmidlar utgjer	493 086

Note 3 - Lønnskostnader, antall tilsette, lån til tilsette og godtgjering til revisor

<i>Lønnskostnader</i>	2018	2017
Lønningar	11 968 361	9 791 061
Arbeidsgjevaravgift	1 749 003	1 518 492
Pensjonskostnadar	1 026 077	789 395
Andre ytingar	121 880	183 767
Sum	<u>14 865 321</u>	<u>12 282 715</u>
Gjennomsnittleg tal årsverk	19,7	16,5

Det er utbetalt kr 97 983 i godtgjersle til styrets medlemmar i 2018.

Det er gjort avsetjing for påløpen venteløn tidlegare år. Noverande teatersjef tiltredde i mai 2017 og har opptent 2,6 månads venteløn per 31.12.2018. Det er gjort avsetning for kr 224 634 i rekneskapen per 31.12.2018 (inkludert arbeidsgjevaravgift). Venteløn vert utbetalt i etterlønperioden på fastsette vilkår.

Ytingar til leiande personar

	Lønn	Pensjonsutgifter	Anna godtgjersle
Teatersjef / dagleg leier	867 522	11 645	5 445

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstillar krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordningar som omfattar i alt 29 personar. Årets pensjonspremie resultatføres løypande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Det er kostnadsført kr 823 001 i pensjonspremie i 2018, tilsvarande for 2017 var kr 800 714. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringsselskap.

Lutlaget har pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordning. Denne ordninga omfattar 13 tilsette i alderen 18 til 61 år. I samsvar med god regnskapsskikk for små føretak (NRS 8) er har lutlaget valt å ikkje balanseføre pensjonsforpliktingane til AFP-ordninga. Årets pensjonskostnad motsvarar årets pensjonspremie.

I 2016 inngjekk selskapet ny pensjonsavtale med dei tilsette. Pensjonsavtala var tidlegare ei tenestepensjonsordning på same vilkår som offentlig tenestepensjon (Ytingsplan). Den nye tenestepensjonsordninga består i å yta bidrag av nærare angjeven storleik til den einkilde sin pensjon (tilskottsplan). Årets pensjonskostnad (2018) motsvarar årets pensjonspremie og utgjør kr 823 001.

Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnader til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (to tilsette) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over attverande oppteningstid. Det er avsett kr 198 300 i langsiktig pliktar for å dekkja kostnaden. Årets pensjonskostnad utgjør kr 80 903. Forventa pliktar ved utløp av tenestetid (2023) er estimert til kr 510 063.

Godtgjersle til revisor er fordelt på følgende tenester:	2018	2017
Revisjon	56 875	46 662
Andre tenester	15 000	22 187
Sum	<u>71 875</u>	<u>68 849</u>

Meirverdiavgift er inkludert i revisjonshonoraret.

Note 4 - Prosjektkostnad

	2018	2017
Leige transport og anna utstyr	32 179	235 306
Scenografi, kostyme, rekvisita	444 559	273 791
Teknisk utstyr	85 238	74 821
Marknadsføring og turnekostnad	1 924 453	1 476 036

Kunstnarlege/tekniske honorar	3 413 936	509 383
Anna prosjektkostnad	593 116	286 970
Periodisert prosjektkostnad	-755 013	-247 538
	<u>5 738 468</u>	<u>2 608 769</u>

Note 5 - Immaterielle eignelutar

	Goodwill
Anskaffelseskost pr 01.01.2018	1 700 000
Anskaffelseskost 31.12.2018	1 700 000
Akk.avskrivningar 31.12.2018	-1 700 000
Balanseført verdi pr.31.12.2018	0
Årets avskrivningar	566 000
Avskrivningsplan	Lineær 3 år

Note 6 - Varige driftsmiddel

	Anlegg under utføring	Sceneutstyr	Transportmidlar	Driftsløysyre, inventar, verktyg mm.	Sum
Anskaffelseskost 01.01.	9 469 145	706 611	575 000	2 827 886	13 578 642
Tilgang kjøpte driftsmiddel	2 057 568	49 993	0	497 027	2 604 588
Anskaffelseskost 31.12.	<u>11 526 713</u>	<u>756 604</u>	<u>575 000</u>	<u>3 324 913</u>	<u>16 183 230</u>
Akk.avskrivning 31.12.	-250 555	-688 780	-287 263	-2 131 192	-3 357 790
Balanseført pr. 31.12.	<u>11 276 158</u>	<u>67 824</u>	<u>287 737</u>	<u>1 193 721</u>	<u>12 825 440</u>
Årets avskrivninger	226 297	52 545	82 140	475 278	836 260
Økonomisk levetid	10-20år	5 år	7 år	3-5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	

Anlegg under utføring gjeld prosjektkostnadar til nytt bygg i Logen. Det er så langt ikkje gitt løyve til oppføring av bygg i samsvar med planar, men selskapet voner det er sannsynleg at byggeplaner vil verte realisert. Prosjekteringskostnadar og teknisk bistand med planarbeidet er balansert. Delar av anlegget er teken i bruk og avskrivningar er berekna for deler av anleggskostnadane.

Note 7 - Aksjar og andelar i andre selskap

Selskap	Anskaff.kost	Bokført verdi
Kultur Vest AS	25 000	25 000
DnB	23 265	23 265
Sum	<u>48 265</u>	<u>48 265</u>

Hordaland Teater LL eig 396 lutar i DnB Nor ASA. Lutane er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi pr 31.12. Lutane vart tildelt Teateret då gjensidige Forsikring vart omdanna til lutlag.

I 2010 blei det investert kr 25 000 i ein lute i Kultur Vest AS. Luten er vurdert til kostpris.

Note 8 - Anna driftskostnad

Anna driftskostnad, spesifikasjon	2018	2017
Reiseutgifter	256 121	322 757
EDB kostnader	104 475	38 396
Møbler	146 436	47 518
Driftsmateriale	79 180	61 291
Kontorrekvisita	27 229	22 052
Aviser og tidsskrift	29 689	19 866
Internett, media	31 240	28 830
Kontingenter	218 702	199 481
Reklamekostnadar	121 577	185 162
Representasjon	39 257	10 176
Kostnader lokala	2 980 572	2 706 579
Honorar, juridisk	32 276	7 188
Andre honorarar	495 784	414 713
Bilkostnadar	93 840	84 758
Anna driftskostnad	595 001	591 738
Sum	<u>5 251 379</u>	<u>4 740 505</u>

Note 9 - Skatt

<i>Berekning av årets skattegrunnlag:</i>	2018
Ordinært overskot før skattekostnad	-198 321
Årets skattegrunnlag	<u>-198 321</u>
<i>Oversikt over mellombels forskjellar</i>	2018
Akkumulert underskot til framføring	-198 321
Netto mellombels forskjellar pr 31.12	<u>-198 321</u>
Utsett skattefordel (22%)	-43 631

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd. Skatteplikta gjeld overskot frå drift av bar. Utsett skattefordel er ikkje balanseført i tråd med god rekneskapskikk for små føretak.

Note 10 - Leigeavtalar

Leige lokale	2018	2017
	2 367 456	2 232 392

Selskapet har avtale for leige av lokale som strekkjer seg over 20 år, med rett til forlenging etter utløpet til kontrakten.

Note 11 - Andre krav

	2018	2017
Framtidige framsyningskostnader	755 014	0
Andre periodiseringar	292 947	223 630
Sum	<u>1 047 961</u>	<u>223 630</u>

Framtidige framsyningskostnad og forskottsbetalte inntekter er presentert netto, sjå også note 12.

Note 12 - Anna kortsiktig gjeld

	2018	2017
Framtidige framsyningskostnader og forskottsbetalte inntekter	2 950 830	541 247
Påløpt løn	378 873	169 909
Påløpt ferieløn	1 284 268	1 056 861
Anna påløpt kostnad	280 943	113 889
Sum anna kortsiktig gjeld	<u>4 894 914</u>	<u>1 881 906</u>

Note 13 - Avsetning for pliktar

Driftstilskott omfattar periodisert tilskott frå stat og kommune og resultatføres samtidig med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskott er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskott til ombygging av leigde lokalar er førd brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrivne.

	2018	2017
Periodisert tilskott frå stat og kommune	9 419 999	7 155 197

Note 14 - Eigenkapital

	Ordinære lutar	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.	100 000	4 012 674	4 112 674
Eigenkapital 01.01.	100 000	4 012 674	4 112 674
Årsresultat	0	2 933 472	2 933 472
Eigenkapital 31.12.	<u>100 000</u>	<u>6 946 146</u>	<u>7 046 146</u>

Note 15 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen består av:

	Tal	Pålydande	Balansført
Ordinære lutar	400	250 kr	100 000

Oversikt over luteigarane i selskapet pr. 31.12:

	Ordinære aksjar	Eigar- del	Stemme- del
Hordaland Fylkeskommune	240	60 %	60 %
Vestlandske Teatersenter	80	20 %	20 %
Hordaland Ungdomslag	20	5 %	5 %
Hordaland Folkeakademi	20	5 %	5 %
Hordaland Mållag	20	5 %	5 %
Voksenopplæringsforbundet	20	5 %	5 %
Sum	400	100 %	100 %

Note 16 - Inntekter og tilskot

	2018	2017
Tilskot frå staten v/ Kulturdepartementet	13 886 500	13 080 880
Tilskot, Hordaland Fylkeskommune	6 411 698	5 607 040
Sum inntektsførte offentlege tilskot	20 298 198	18 687 920
Sal av mat og drikke	524 433	0
Billettinntekter	7 976 335	1 538 028
Andre tilskot	1 197 130	0
Andre driftsinntekter	25 012	1 367 469
Sum driftsinntekter	9 722 910	2 905 497
Sum inntekter	30 021 107	21 593 417

Styret sin årsmelding

Eit godt teaterår

Hordaland Teater tok hausten 2017 avgjerd på nokre viktige mål for teateret si verksemd:

- Vi skal produsere ein nynorsk urpremiere kvart år
- Publikum skal oppleve at vi har eit tilbod gjennom heile året
- Co-produksjonar med andre teaterinstitusjonar er viktige for å kunne ha eit kontinuerleg tilbod
- På same måte må ein satse på samarbeid med dei andre nynorskteatera i Norge for ei effektiv ressursutnytting.
- Logen må settast i stand til å vere eit fullverdig teaterhus
- Ein må betre økonomien for teateret for å kunne nå ambisjonane

Desse måla har vore viktige for aktiviteten i 2018. Teateret har produsert 5 egne produksjonar, der fire var nynorske urpremierar: «Heim», «Andvake» «Babettes Gjestebod» og «Oppdrag Mottro». Teateret har husa og produsert 5 samproduksjonar, kor ein hadde urpremiere i Bergen, «Kapital» av Stig Sæterbakken. Teateret har hatt vitjing av 3 gjestespel, kor eit – «Inkognito» – var eit resultat av vårt samarbeid med Det Norske Teatret. I tillegg til dette har vi invitert nynorske kunstnarar til vårt samtalekonsept «Kva trur du då?», nynorske musikarar har halde konsert i salen, og vi har løpande invitert til samtale/scenesnakk i samband med våre framsyningar.

Teateret har også turnert i Hordaland med «Draumkvedet», i samproduksjon med teatergruppa YMIST, «Engelen frå Kobane» og vår eigen «Babettes Gjestebod» (som vart opplevd av 2 652 publikummarar i Bergen og elles i Hordaland). Med eit totalt publikumstal på 27 792 og ein beleggprosent som har variert mellom 55 og 98% må styret seie seg nøgde med måloppnåinga i dette første heile driftsåret etter at ny strategi vart lagt. Vi kan slå fast at Bergen og Hordaland har teke godt mot denne nykomlingen i Bergen sentrum.

Hordaland Teater har tolka det som ein del av sitt oppdrag å vere ein formidlar av nynorsk kultur i vid forstand. Som del av dette har ein saman med Bergen kommune etablert eit Nynorskens kulturhus, der ein vil programmere eit vidfemnande kulturprogram. Bergen kommune har løyvd kr. 1 000 000 til dette i 2019.

Eit tenleg teaterhus

Valet av Logen på Ole Bulls Plass som nytt teaterhus vart gjort i 2015 etter ein lengre prosess der ein hadde søkt å finne tenlege lokalar i Bergen sentrum. Styret var medviten om at dette var eit perfekt val for tilgang til publikum, men eit utfordrande val når det gjaldt dei teatertekniske fasilitetane. Huset mangla mellom anna sidescene og garderobar, enkle verkstadsfunksjonar, kontorlokale og universell utforming både for publikum og teaterteknisk. Slike funksjonar måtte løysast ved eit tilbygg, og huseigar har vore velviljug i å stille areal til rådvelde på bakplassen for eit slikt bygg. I løpet av 2017 var det utvikla eit konsept for

tilbygg som vart rammesøkt i januar 2018. Diverre vart det avslag på rammesøknaden i mai, og ein fremma so eit redusert forslag for å oppfylle innvendingar framkome frå antikvariske myndigheiter og byggesaksavdelinga i Bergen Kommune. Det nye forslaget fekk tilslutning frå Byantikvaren og Byarkitekten, men overraskande nok fekk ein heller ikkje denne gongen godkjend rammesøknaden i Bergen Kommune sin administrasjon. Hordaland Teater har vald å anke sak til politisk handsaming og avventar resultatet av denne prosessen.

Organisasjon og medarbeidarar

Hordaland Teater har i fleire år søkt om midlar for å ha ein kunstnarleg stab på åremål. Ved å omdisponere midlar har ein i 2018 kome et stykke på veg, idet Olav Myrtnvedt, Stig Amdam og Ragnhild Gudbrandsen har vore engasjerte som hhv husscenograf, instruktør og skodespelar. Samarbeidet med Amdam og Gudbrandsen held fram i 2019.

Omstillinga frå eit teater som hovudsakeleg spelte på fast scene for barn og unge på dagtid og elles turnerte, til eit teater med høg aktivitet og langt fleire framsyningar på kveld, har vore krevjande. Det har vore bruk for å ta inn personell for å gjennomføre avvikling av framsyningar, og vi har starta forhandlingar med dei tilsette sine organisasjonar for å legge om arbeidet med arbeidsplanane. Dette arbeidet har resultert i ein ny avtale som vert iverksett frå 1. mars 2019. Med bakgrunn i at teateret ynskjer å ha ein arena for formidling og kulturprogram har ein frå og med 2. halvår 2018 tatt over drifta av barane. Teateret sin direktør er ansvarleg løyvehavar, og verksemda vert leia av ein tilsett barsjef i 50% stilling, som og organiserer vertskapet.

Styret og teatersjef vurderer arbeidsmiljøet ved teateret som godt. Diverre har ein hatt noko langtidssjukefråvær i 2018 og totalt tal på fråværsdagar gjekk frå 181 i 2017 til 407 i 2018. Talet på arbeidsdagar fast tilsette auka i same tidsrom med 29,5% eller 704 dagar. Grunna långtidssjukefråværet auka det totale sjukefråværet frå 7,8% i 2017 til 13,2% i 2018. Ser ein bort frå langtidssjukefråvær meir enn 8 veker, er sjukefråværet 1,7%, ned frå 2,4% året før. Det er ikkje meldt skader i løpet av året som har ført til fråvær eller som trong behandling. Styret har fokus på at det skal vere eit godt arbeidsmiljø ved teateret. Styret er medviten om at ombygginga av Logen i Bergen sentrum, og arbeidet med å utvikle Hordaland Teater i samsvar med eigarane sitt ønske gjer det naudsynt med stort fokus på leiing, organisasjon og helse, miljø og tryggleik framover.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna når det gjeld leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består av fire kvinner og to menn. Styret er samansett av tre kvinner og tre menn. Styret takkar dei tilsette, både dei faste og dei på engasjement, for innsatsen i 2018. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Hordaland Teater har hatt i 2018 og ser fram til vidare utfordrande og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

Økonomi

Hordaland Teater hadde som nemnd ein auke i talet på publikum i 2018, 27 792 (14 668) fordelt på 190 (174) framsyningar. 2018 skil seg ut med to store produksjonar med vid appell, Heim del 1 (10 841) og Oppdrag Mottro (6 752) Teateret har stort fokus på publikumsbygging og hadde ambisjonar om ei auke i publikumstalet, innanfor dei fysiske grensene vi per i dag har med ein teatersalong. Gjennom å ha turné parallelt med prøvar og framsyningar på Logen, har vi makta å nå eit større publikum. Teateret kjenner likevel klårt at det er trong for ei scene 2, noko som er planlagt i det omsøkte tilbygget.

Hordaland Teater har fått auka løyvingar dei seinare åra for å finansiere flyttinga til sentrum og nybygget. Ein viktig føresetnad for flyttinga var og at vi skulle auke publikumstilstrøyminga og med det inntektene. Dette har ein lukkast godt med i 2018. Totale tilskott i 2018 er kr. 22 563 000. Styret i Hordaland Teater har vedteke å trekkja dei auka tildelingane til Logenprosjektet ut av resultatrekneskapen og balanseført midlane som langsiktig gjeld i balansen (2 264 802 i 2018). Resten av tilskottet på kr. 20 298 198 er inntektsført i resultatrekneskapen. Hordaland Teater har hatt ei stor auke i egne inntekter, inkludert tilskott frå private gjevarar. I sum vart inntektene kr. 9 722 910. Tilskott og egne inntekter summerte seg med det opp til kr. 30 021 107 mot kr. 21 623 283 i 2017. Kostnadssida vart auka til kr. 27 457 941, opp frå kr. 20 760 114 året før.

Det er totalt investert kr 2 604 588, hovudsakeleg investeringar knytt til fremjing av ny rammesøknad og ombygging av bar til kombinert lokale for prøver og publikumsbesøk. Teateret investerer og årleg i den teatertekniske utstyrsparken. Kr. 497 027 vart brukt til dette i 2018.

Selskapet si frie likviditetsbeholdning utgjer kr 7 960 793 pr. 31.12.2018 (frie omløpsmidlar fråtrekt bunden skattetrekk). Styret har ei fortløpande vurdering av likviditeten sett opp mot den finansielle risikoen. Styret meiner likviditetssituasjonen ved teateret er god.

Inklusive finansinntekter enda teateret opp med eit overskott på kr. 2 933 472 .


Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilete av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon og resultat. Styret tek det økonomiske resultatet for 2018 til etterretning. Styret rår til at overskotet vert nytta til å styrke eigenkapitalen som då aukar frå kr. 4 112 674 til kr. 7 046 146 . I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkåret om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.


Miljø

Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd.

BERGEN, DEN 31.12.18/21.02.19

STYRET FOR HORDALAND TEATER LL


PALWA LORENZEN
STYRELEIAR


NATALIA GOLIS
STYREMEDLEM


RAGNHILD STOLT-NIELSEN
NESTLEIAR


VIVIAN MIDTSVEEN
STYREMEDLEM


SOLFRID GLESNES
STYREMEDLEM


ALEXANDER FOSSE ANDERSEN
STYREMEDLEM


SOLRUN TOFT IVERSEN
TEATERSJEF/DAGLEG LEIAR

Til generalforsamlinga i Hordaland Teater LL

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Hordaland Teater LL sin årsrekneskap som viser eit overskot på NOK 2 933 472. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betydning ved revisjonen av årsrekneskapen for 2018. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då vi danna oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av årsmeldinga, men inkluderar ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og

god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoane for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett driftføresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.

Forum Revisjon AS

Medlem av Den norske Revisorforeningen

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og nå revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekkja i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Vi gir styret ei melding om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengighet, og om at vi har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av de sakene vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for saker som var av størst betydning for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse sakene i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at saka vert gjort offentleg, 5 Dette avsnittet av den skuggelagde teksten treng berre vere med når revisjonsmeldinga gjeld eit notert selskap, jf. ISA 700 punkt 39(b). 6 eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at ei sak ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimeleg grenser oppveg allmenta si interesse av at saka vert omtala.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen samt føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 21.02.2019

Forum Revisjon AS

Eirik Hordvik

statsautorisert revisor

Repertoar 2018

Eigenproduksjonar:

HEIM

Ei musikalsk vestlandskrønike del 1: 1965 - 1975

«Heim» del 1 var første del av eit fireårig signaturprosjekt for teatersjef Solrun Toft Iversen og Hordaland Teater. Eit stort lag av etablerte og nye vestlandsforfattarar har skrive tekstane til scenane. I første kapittel av «Heim» vitja vi fylket vårt i åra mellom 1965 og 1975.

Publikum fekk her eit innblikk i kva som rørte seg i Hordaland, i hordalendingen sitt blikk på seg sjølv og på verda omkring oss i dette tiåret.

Av: Marie Amdam, Marit Eikemo, Frode Grytten, Mari Hesjedal, Ragnar Hovland, Ingrid Jørgensen Dragland, Sigrid Moldestad, Bjørn Sortland, Finn Tokvam

Regi: Solrun Toft Iversen

Scenografi: Tora Troe

Scenografi konsulent: Olav Myrtvedt

Koreograf: Hilde Sol Erdal

Kostymedesign: Lise Christensen

Lysdesign: Silje Grimstad

Med: Sigurd Sele, Claus Sellevoll, Sigrid Moldestad, Anne Wiig, Ljudmil Nikolov

Voksne Herrers Orkester: Harald Dahlstrøm, Steinar Krokstad, Ole Marius Sandberg, Arild Seim

Produsert med bidrag frå Dramatikkens Hus

Takk til Sparebanken Vest for bidrag

Urpremiere på Hordaland Teater i Logen: 16. februar

Speleperiode: 16. februar - 7. april og 16. august - 7. september

Framsyningar: 43

Publikum: 10 841



Frå venstre: Claus Sellevoll og Sigurd Sele
Foto: Andreas Roksvåg

ANDVAKE - trilogien

Sceneversjonen vart dramatisert og regissert av Torkil Sandsund og hadde urpremiere på Hordaland Teater i Logen den 23. mai, under Festspillene i Bergen. Andvake - trilogien er forteljinga om ung kjærleik i ei ugjestmild verd, om kjærleik som sprenger sin eigen veg, og om kjærleik som overlev sjølv livet. Verket har trollbunde publikum over heile verda. Jon Fosse fekk Nordisk Råds Litteraturpris for trilogien Andvake – Olavs draumar – Kveldsvævd.

Av: Jon Fosse

Regi og dramatisering: Torkil Sandsund

Scenografi og kostymedesign: Dordi Strøm

Musikk: Erlend Apneseth, Sungji Hong, Arve Henriksen og Trio Mediæval

Lyddesign: Mathias Grønsdal, Torkil Sandsund

Lysdesign: Arne Kambestad

Med: Erlend Apneseth / Rasmus Kjørstad, Magne Håvard Brekke, Ragnhild Gudbrandsen, Sigmund Njøs Hovind, Susann Bugge Kambestad, Karl-Vidar Lende, Anne Wiig

Hordaland Teater presenterte Andvake i samarbeid med Den Nationale Scene og Festspillene i Bergen.

Urpremiere: 23. mai 2018

Speleperiode: 23. mai – 9. juni på Hordaland Teater i Logen

Vart også spelt under Hedda-dagene i Oslo på Det Norske Teatret, 15. juni og 16. juni

Framsyningar: 16 i Logen og 2 i Oslo. **Totalt:** 18

Publikum: 2127 i Logen og 328 i Oslo. **Totalt:** 2455



Foto: David Zadig

OPPDRAG MOTTRO

Ei personleg jakt i ei felles fortid

Linda Eide debuterte på teaterscenen med denne personlege framsyninga. Her fekk publikum oppleve Eide i ei soloframsyning der ho forsøkte å få has på dei «mystiske» gamle dagane med utgangspunkt i mora sitt liv. Linda Eide har tidlegare skriva bok med samme tittel. (Spartacus forlag, 2012).

Av og med: Linda Eide

Regi: Arvid Ones

Scenografi: Olav Myrtvedt

Lys: Einar Bjarkø

Video: Einar Bjarkø, Linda Eide

Video / lyd tilrettelegging: Mathias Grønsdal

Motto si stemme: Liv Bernhoft Osa

Produsert av Hordaland Teater i samarbeid med HiHat.



Urpremiere: 10. november på Hordaland Teater i Logen.

Speleperiode:

10. november - 15. desember i Logen.

Framsyningar: 27

Publikum: 6752

Foto: Ane Bysheim.

JULEØNSKE

Med «Juleønske» inviterte vi barn inn til ei forteljing om vennskap og lojalitet, og om krafta i å ønske kvarandre alt godt. Framsyninga undersøkte ei form der forteljarteater møtte projiserte animasjonar og figurar. Som avslutning på teateropplevinga fekk barna pynte juletreet i foajeen vår med snøkrystallar der dei samstundes kunne ønske seg noko godt for ein spesiell person i sitt hjarte.



Manus og regi: Solrun Toft Iversen
Med: Oda Alisøy og Knut Olaf Elvik
Speleperiode: Frå 1. desember – 16. desember på Hordaland Teater i Logen (Urpremiere i Logen 4. desember 2017)
Framsyningar: 15
Publikum: 667

Foto: Hordaland Teater

BABETTES GJESTEBOD

Saman med Bjørgvin bispedøme inviterte Hordaland Teater publikum til kunstnarleg gjestebod på kyrkjeturné rundt i Hordaland. Det viste seg at denne monologframsyninga dramatisert og spelt av Ragnhild Gudbrandsen traff publikum og stimulerte til refleksjon og glede. I tillegg til å spele i kyrkjer så spelte vi også på Lyngheisenteret i Lindås og Haaheim Gaard på Tysnes der publikum kunne vere med på fleire rettars middag etter framsyning. Det vart også sett opp ekstraframsyningar i Logen.

Av: Karen Blixen

Omsetting, dramatisering og skodespelar: Ragnhild Gudbrandsen

Regi: Stig Amdam

Musikk og musikkarrangement: Nils Økland

(Musikar Nils Økland var ikkje med på scenen. Han har arrangert og spelt inn all musikk i



«Babettes gjestebod», basert på både norske og franske salmar .)

Speleperiode: Urpremiere 14. oktober i Olsvik kirke.

Speleperiode til 16. desember

Framsyningar: 19 på turné (for det meste i kyrkjer) og 2 i Logen. Totalt: 21

Publikum: 2276 på turné og 376 i Logen. **Totalt:** 2652

Arrangert i samarbeid med

Bjørgvin bispedøme og lokale arrangørar og folkeakademi. *Foto: Thor Brødreskift*

KVA TRUR DU DÅ?

I samarbeid med Hordaland Teater inviterte forfattar Bjørn Sortland våren 2018 til ei samtalerække kor han stilte ein gjest det store spørsmålet: Kva trur du då? Snakk om tru og store eksistensielle spørsmål foregår ofte i rom der ikkje alle kjenner seg heime. Vi ønska med dette å ta denne samtalen i teateret, og utfordra det noko ulne dogmet om at «tru høyrer berre privatlivet til». Ambisjonen var å få til ein lågterskel-kveld med impulsiv og uformell samtale i Logen Bar i 3.etg.

14. februar: Olaug Nilssen, **14. mars:** Karoline Krüger, **13. april:** Bjarte Hjelmeland
3 arrangement. **Publikum:** 58

EVENTYRSTUND

Her invitert vi barn og familiar til ei koseleg eventyrstund for barn frå 3 år og oppover med Anne Wiig og Claus Sellevoll som var skodespelarar i vestlandskrønika "Heim" del 1. Eventyrstunda i Logen var ein del av Barnas kulturhelg.

1. september (1 arrangement) **Publikum:** 30

Samarbeidsproduksjonar:

ENGELEN FRÅ KOBANE

Historia om den kvinnelege Syria-krigaren Rehana er ei fiksjonsforteljing, basert på ei myte. Men alt som skjer i denne historia, har skjedd, og skjer framleis – i verda, i dag. Framsyninga vart spelt i klasserom på vidaregåande skular og i Logen Bar. Det var intimt og tett på skodespelaren. Alle kunne sjå kvarandre.

«Engelen frå Kobane» er skriva av den britiske dramatikaren Henry Naylor, og er siste del av hans trilogi om konfliktane i Midt-Austen. Skal spelast på Sogn og Fjordane Teater i 2019.



Original tittel «Angel» av Henry Naylor
Omsett av Elise Risnes Eikevik
Regi: Miriam Prestøy Lie
Med: Madalena Sousa Helly-Hansen
Teaterforlaget Nordiska ApS
Samproduksjon mellom Hordaland Teater og
Sogn og Fjordane Teater.

Foto: Thor Brødreskift

Speleperiode: Noregspremieren var på Hordaland Teater i Logen Bar den 3. september. Vart spelt til 21. september i Hordaland.

Turné for elevar i vgs. Den kulturelle skulesekken, Hordaland fylkeskommune

Framsyningar: 3 i Logen og 23 på turné.

Publikum: 93 og 914 Totalt: 1007

KAPITAL

Med monologen «Kapital» fekk publikum ei forteljing om kjøpmannen Konrad Ofting som hadde mista forretninga si, og med den summen av det han eingong var. Men han kjempa for det siste han eig; si eiga verdigheit. Ingen gjekk fri då Konrad langa ut etter verdiane i det kapitalistiske samfunnet under ei rettsak mot staten Noreg.

Av: Stig Sæterbakken

Dramatisering og skodespelar:

Hadle Reisæter

Regi: Jens Smith Wergeland

Scenografi/kostyme: Mari Hesjedal

Video: Simon Valentine

Komponist: Alf Godbolt

Dramaturg: Åste Marie Bjerke

Lys: Jon Eirik Sira

Maskedesign: Miriam Myrthel Pedersen



Foto: Øystein Grutle Haara

Samproduksjon med: Hadle Reisæter **Produsent:** Mari Hesjedal/Hadle Reisæter

Støtta av: Kulturrådet, Fond for lyd og bilde, FFUK – Fond for utøvende kunstnere

Fond for Frilansere

Urpremiere: 14. september på Hordaland Teater i Logen.

Speleperiode: 14. - 20. september i Logen.

Framsyningar: 6

Publikum: 329

1980 - AKER BRYGGE

I Statsteatrets 8. kapittel av Noregshistoria vart vi med STATSTEATRET til 80-talet.

Vi møtte familien Kielland og deira vekst og fall; den pensjonerte lærerinna Agnes og hennar tre vaksne søner. Publikum fekk her eit skråblikk på jappetidas vekst og fall.

Av: Yngve Sundvor og Statsteatret

Regissør: Yngve Sundvor

Dramaturg: Morten Kjerstad

Med: Per Kjerstad, Kim Sørensen, Cato Skimten Storengen, Gard Bjørnstjerne Eidsvold

Framsyninga hadde urpremiere 20. april 2018 på Oslo Nye Teater

Speleperiode på Hordaland Teater: 18. - 28. oktober.

Framsyningar: 8

Publikum: 1186

DRAUMKVEDET

Framsyninga Draumkvedet baserer seg på den kjende mellomalderballaden med same namn. I denne møter me Olav som fell i djup svevn på juleftan, og som i draume vandrar gjennom dødsriket. Først trettandedag jul vaknar han opp og dreg til kyrkja for å fortelja om draumane sine. Scenekompaniet Ymist sin versjon av kvadet er blitt til ein monolog for skodespelaren Morten Espeland, der dei historiske versa er omkransa av nyskriven tekst av dramatikaren Eirik Fauske. I Hordaland turnerte dei i små eldre ungdomshus.

Dramatikar: Eirik Fauske

Regi: Erlend Samnøen

Med: Morten Espeland

Scenografi: Maja Nilsen

Lysdesign: Evelina Dembacke, Tilo Hahn

Lyddesign: Nils Jakob Langvik

Dramaturg: Kai Johnsen, Finn Totland

Urpremieren fann stad på Vats på openberringsdagen 6. januar.

Speleperiode: 9. – 18. januar, Ullensvang, Granvin, Ulvik, Strandebarm, Leirvik, 15. og 16. jan. – Hordaland Teater, Logen, Bergen

Framsyningar: 2 i Logen og 5 på turne i Hordaland

Publikum: 105 i Logen og 151 på turne. **Totalt:** 256

HIGHWAY HYPNOSIS

Gjennom veggane på eit hotellrom høyrer ein låge stemmer, plutselige dunk, skrik, stilt, meir stilt, latter. Elskar dei kvarandre der inne? Eller slår dei? Gjennom veggane på eit anna hotellrom høyrst lyden av ein pianist som øver. Om og om igjen. Puccini sin ufullenda opera, Turandot. Highway Hypnosis endrar seg over tid, med nye versjonar på ulike arenaer. Versjon #1 hadde premiere ved Festspillene i Nord-Norge våren 2017, og versjon #2 hadde premiere under Teaterfestivalen i Fjaler. Versjon #3 hadde premiere på Hordaland Teater i Logen 6. januar 2018. Highway Hypnosis er eit konsept som er utvikla i eit samarbeid mellom Transiteatret-Bergen og Prosjektprogrammet for kunstnerisk utviklingsarbeid (PUK),

Audio-visuelt konsept, tekst og regi: Tore Vagn Lid

Med: Torleif Julius Torgersen (klaver), Hanne Korsbrekke Askeland (sang), Tor Christian F. Bleikli, Kjersti Aas Stenby, Matilda Søderling, Øystein Nesheim m.fl

Lys- og videoinstallasjonar: Birk Nygaard

Scenografi: Mari Lothrington

Film/videoarbeid: Kyrre Bjørkaas, Thore Lindhard Garberg m.fl

Kostyme: Matilda Søderling

Lydteknikk: Mathias Grønsdal (Jan Nedbal)

Premiere (versjon #3): 6. januar på Hordaland Teater i Logen.

Speleperiode : 6. - 13. januar i Logen.

Framsyningar: 6

Publikum: 330

Gjestespel:

INKOGNITO

Tre historier vovne saman over ein periode på 60 år undersøkte tema som identitet og minne – eller kva det vil seie å vere menneske. Menneska vi møtte i «Inkognito» var baserte på verkelege liv og deira opplevingar.

Det Norske Teatret gjesta Hordaland Teater med denne framsyninga av den britiske dramatikaren Nick Payne.

Av: Nick Payne

Omsetjing: Gunstein Bakke

Regi: Peer Perez Øian

Dramaturg: Anders Hasmo Dahl, Ingrid Weme Nilsen

Med: Ola G. Furuseth, Ellen Birgitte Winther, Kaia Varjord, Morten Svartveit

Noregspremiere:, 29. oktober på Det Norske Teatret

Gjestespel på Hordaland Teater i Logen: 13. april kl. 19 og 14. april kl. 13 og 18

Framsyningar: 3

Publikum: 194

TERJE VIGEN

Henrik Ibsens storslåtte og episke dikt «Terje Vigen» har lenge vore eit av Bjarte Hjelmelands klare favorittdikt. Den fine vårvelden 12. april 2018 fekk bergensarane høyra denne sterke historia om mannen som rodde til Danmark for å hente korn til den svoltne familien sin, ei historie om mot og tap, hemn og tilgjeving.

Av: Henrik Ibsen

Med: Bjarte Hjelmeland

Piano: Tove Kragset

Framsyning: 1

Publikum: 247

LABYRINTER

Teaterkonsert for heile familien.

Laurdag 22. september var det teaterkonsert med Karoline Krüger og «fru Nitters Rytmeorkester» for både små og store. Publikum kunne oppleve ein konsert basert på tekstar og barnerim av André Bjerke og nyskriven musikk inspirert av både Balkan, tango og Mozart. Etter konserten vart det markert at musikken vart utgjeven på plate med signering og gratis saft og bollar.

Idé og musikk: Karoline Krüger

Med: Karoline Krüger, Eline Sundal, Sjur Hjeltnes, Snorre Bjerck

Framsyning: 1

Publikum: 145

Konsertar:

TOM ROGER AADLAND

Rockepoeten Tom Roger Aadland slapp sitt sjuande soloalbum «Songfugl» i mars 2018, og hadde med seg fullt band på sleppefesten på Hordaland Teater i Logen 1. mars.

Konsert: 1. mars

Publikum: 90

NILS ØKLAND BAND

Musikken på Øklands siste CD «Lysning» er mykje; original, subtil på samme tid minimalistisk og storslått – men aller mest er den gripande vakker.

I sitt samspel er musikarne samstundes på leit og intenst til stades.

Konsert: 24. februar

Publikum: 159

OLAV STEDJE

På sin Vestlandsturne i haust stoppa Olav Stedje med 5-manns bandet sitt i Bergen og spelte konsert på Hordaland Teater i Logen den 29. september.

Med: Olav Stedje, Svein Dag Hauge, Per Hillestad, Kai Taule, Steinar Borvik, Frode Mangen, Lyddesign: Eilif Stene

Presentert av: Kulturstund og Hihat

Konsert: 29. september

Publikum: 354

STATISTIKK 2018

	Tilskodarar	Framsyingar	
Highway Hypnosis	330	6	samprod
Almenrausch	40	1	gjestespel
Draumkvedet	105	2	samprod
Draumkvedet, turne	151	5	samprod
Heim, del 1, 1965-1975	10841	43	
Andvake, Logen	2127	16	
Andvake, Det Norske Teatret	328	2	
Tom Roger Aadland	90	1	gjestespel
Nils Økland Band	159	1	gjestespel
Kva trur du då?	58	3	
Terje Vigen	247	1	gjestespel
Inkognito	194	3	gjestespel
Engelen frå Kobane	93	3	
Engelen frå Kobane, DKS	914	23	
Olav Stedje	354	1	gjestespel
Kapital	329	6	
Labyrinter	145	1	gjestespel
1980 Aker Brygge	1186	8	samprod
Babettes gjestebod, Logen	376	2	
Babettes gjestebod, turne	2276	19	
Oppdrag Mottro	6752	27	
Juleønske	667	15	
Eventyrstund	30	1	
Sum framsyingar	27792	190	
Formidlingsaktivitet	673	17	
Totalt	28465	207	

Formidling:

25.01: Litterær lunsj, Bergen off. bibliotek. Foredrag ved teatersjef.	53
05.03: Bergen syd Rotary klubb, Galleri Langegården. Foredrag ved teatersjef.	19
10.03: Folkeakademiet i Hordaland. Årsmøte i Logen.	20
19.04: Folkeakademiet. Husnes bibliotek. Foredrag Andvake ved teatersjef.	11
25.04: Folkeakademiet. Meland bibliotek. Foredrag Andvake ved teatersjef.	53
14.05: Årsmøte Bergen Teaterforening. Foredrag ved teatersjef.	55
25.05: Seniorfestspill, Åsane folkehøgskole. Foredrag ved teatersjef.	36
29.05: Førprat Andvake i Logen bar.	35
07.06: Førprat Andvake i Logen bar.	28
04.09: Bergen Rotary Klubb - medlemsarrangement i Logen bar.	42
15.09: Ettersnakk. Engelen frå Kobane i Logen bar.	10
20.09: Samtale om teaterkritikk, DNS. Samarbeid DNS og BiT.	25
18.10: Bergen Næringsråd medlemsarrangement i Logen bar.	55
24.10: Scenesnakk. 1980 Aker Brygge. Statsteatret.	65
25.10: Scenesnakk. Babettes gjestebod i Os kyrkje.	75
26.10: Scenesnakk. Babettes gjestebod i Bønes kirke.	65
31.10: Scenesnakk. Babettes gjestebod i Sund kyrkje.	26
Sum formidling	673

Personalet 2018

FAST TILSETTE / ÅRSENGASJEMENT:

Solrun Toft Iversen	teatersjef
Atle Marøyen	direktør
Irene Smørdal	informasjonsleiar
Evy Fischer	salsleiar
Solfrid Glesnes	produksjonsleiar
Fabian den Otter	teknisk leiar
Eli Versto	avdelingsleiar teknisk produksjon (frå 01. mai 2018)
Linbjørg Sæterdal	kontorsekretær
Ljudmil Nikolov	figur-/skodespelar/dokkemakar
Britt Koldal	systove/rekvisitør/inspisient
Kristian Børve	lydteknikar
Cristiano Mira Lopes	scenearbeidar
Torben Persen Jolma	lysteknikar (til 1. februar 2018)
Jon Eirik Sira	scenearbeidar/lysteknikar (engasjement)
Andreas Lassen	scenearbeidar/lydteknikar (engasjement)
Ragnhild Gudbrandsen	skodespelar (engasjement)
Stig Amdam	skodespelar/instruktør (engasjement)
Olav R. Myrtvedt	scenograf (engasjement)
Tina Horrisland Engedal	inspisient (engasjement)

PROSJEKTENGASJERTE:

SKODESPELARAR:

Claus Sellevoll
Sigurd Sele
Anne Wiig
Sigrid Moldestad
Karl Vidar Lende
Sigmund Njøs Hovind
Magne Håvard Brekke
Susann Bugge Kambestad
Madalena Sousa Helly-Hansen
Knut Elvik
Per Kjerstad
Kim Sørensen
Cato Skimten Storengen
Gard Bjørnstjerne Eidsvold
Linda Eide
Oda Alisøy

TEATERINSTRUKTØRAR:

Solrun Toft Iversen
Hilde Sol Erdal
Torkil Sandsund
Miriam Prestøy Lie
Stig Amdam
Arvid Ones
Yngve Sundvor (1980 - Aker Brygge)

SCENOGRAFAR/KOSTYME/SUFFLI:

Tora Troe Gudmundsen
Olav R. Myrtvedt
Lise Christensen
Dordi Strøm
Trude Lindblom
Marte Synnevåg
Monika Ludovika Viketun
Michaela Vyskocil Gettwert

INSPISIANTAR:

Tina Horrisland Engedal
Barbro Worren

MANUS/DRAMATISERING:

Marie Amdam
Marit Eikemo
Frode Grytten
Mari Hesjedal
Ragnar Hovland
Ingrid Jørgensen Dragland
Sigrid Moldestad
Bjørn Sortland
Finn Tokvam
Solrun Toft Iversen
Jon Fosse
Henry Naylor
Karen Blixen
Ragnhild Gudbrandsen
Yngve Sundvor
Linda Eide

OMSETJING

Elise Risnes Eikevik

DRAMATURGAR:

Solrun Toft Iversen

Morten Kjerstad (1980 - Aker Brygge)

MUSIKKARRANGEMENT:

Harald Dahlstrøm

Steinar Krokstad

Ole-Marius Sandberg

Trio Mediæval

Sungji Hong

Arve Henriksen

Nils Økland

MUSIKARAR:

Harald Dahlstrøm

Steinar Krokstad

Ole-Marius Sandberg

Arild Seim

Erlend Apneseth

Rasmus Kjørstad

Anna Maria Friman

Linn Andrea Fuglseth

Berit Opheim

Stian Villanger

Nils Økland

LYS-/VIDEODESIGN:

Silje Grimstad

Arne Kambestad

Einar Bjarkø

LYDDESIGN:

Mathias Grønsdal Johannessen

Torkil Sandsund

PUBLIKUMSVAKTAR:

Åsa Opedal

Anne - Marie Helbo

Karoline S. Wendelbo

Kim Fjeld

Astrid Løvdal

Emina Koch

Camilla Carlsen

STYRET

Styret i Hordaland Teater har i 2018 hatt 5 styremøte. Til saman har 47 saker vore til handsaming. Generalforsamlinga vart halden 17. april 2017 i Teatergaten 35, 5010 Bergen.

Styresamansetjing etter Generalforsamling 2017:

Pål W. Lorentzen	Styreleiar	Representant Hordaland Fylkeskommune
Ragnhild Stolt-Nielsen	Styremedl./nestleiar	Representant Hordaland Fylkeskommune
Alexander Fosse Andersen	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Natalia Golis	Styremedlem	Representant Hordaland Fylkeskommune
Vivian Midtsveen	Styremedlem	Representant andre eigarar
Fabian den Otter	Styremedlem	Representant tilsette
Astrid Aarhus Byrknes	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Geir Kjell Andersland	Vara	Representant Hordaland Fylkeskommune
Frøydis Flotve	Vara	Representant andre eigarar
Solfrid Glesnes	Vara	Representant tilsette

Teatersjefen har møtt på styremøta. Direktøren er sekretær for styret.

EIGARTILHØVE:

Hordaland Fylkeskommune	240 luter
Vestlandske Teatersenter	80 luter
Folkeakademiet Hordaland	20 luter
Hordaland Ungdomslag	20 luter
Hordaland Mållag	20 luter
Voksenopplæringsforbundet	20 luter